



SENTRALT PLASSERT: Roald Vatnøy med Knarvikgården, familien sitt første handelsbygg, bak til høyre, og Meny-bygget, det siste Knarvik Handel har vore med på å realisera, i bakgrunnen til venstre.

47 år som handelsbyggjar

Då far til Roald Vatnøy satsa på handel i Knarvik, bestod bygda av eitt hus og uendeleg med lyngmark.

Av Stig Elliott
stig@strilen.no

– Rein Aase var den einaste som hadde hus her, smiler Roald, som førre veke blei tildelt Norges Vel sin medalje for lang og tru teneste.

Han har no 47 år bak seg som dagleg leiar i Knarvik Handel AS. At nettopp handel og sentrumsutvikling skulle bli Roald og familien sitt lodd i livet, var langtfrå sjølvstekt.

Bonde og kremmar

Faren Johannes var nemleg fiskarbonden på Seim.

– Men han var òg ein kremmar som mellom anna sysla litt med sal av sko og bøker, fortel Roald.

Ein prat med: Roald Vatnøy

- **Alder:** 68
- **Sivilstand:** Gift
- **Yrke:** Dagleg leiar i Knarvik Handel
- **Bustad:** Knarvik
- **Aktuell:** Har fått Norges Vel sin medalje for lang og tru teneste

Som ein av fire brør var han van med å ta i eit tak på garden heime. Men då regjeringa tidleg på 60-talet utnemnde Knarvik som regionsenter, var Johannes framsynt og såg at det i lyngmarka sør i Lindås kunne utviklast noko.

– Han kjøpte tomte der Knarvikgården ligg i dag. Dette var det første bygget vårt, og det var der det heile begynte fortel Roald.

I 1964 var første byggjetrinn på Knarvikgården ferdig. Faren opna Kafé Lyngblom i kjellaren. Heile familien var med på laget.

– Mor var aktiv på kjøkkenet, alle me fire brørne hjelpte til der det trongst, seier Roald.

Kafeen fekk ein såkalla «flying start». Slike tilbod fanst ikkje i området, og folk strøymde til. Sidan gjekk det, bokstaveleg talt, slag i slag:

1. april 1965 opna det nyetablerte selskapet Knarvik Handel, i regi av Johannes Vatnøy, matbutikk i bygget. Året etter var andre byggjetrinn ferdig, og Eidsheim Frisørsalong flytta inn.

Gudsteneste i kjellaren

Paal Kahrs kom til med byggevarerutstilling, Vestlandsbanken etablerte seg der i 1967 og fotograf Reidar Hvitsten i 1968.

– I 1969, då eg var 20 år gammal, opna eg skobutikk i Knarvikgården.

Det første handelshuset i Knarvik var dermed, steg for steg, komme på plass.

Men det var ikkje berre handel som fekk plass i bygget. Her var det også fritidsaktivitetar og festlege lag.

– Den første gudstenesta i Knarvik blei faktisk halden i kjellaren. Prest Steinar Ihle kom med bærbart alter og leia det heile, smiler Roald.


I 1971 blei Knarvikgården supplert med tekstil, då Knarvik Klær flytta inn. Same året venta ei ny rolle for Roald.

– Eg blei tilsett som dagleg leiar i Knarvik Handel, som då blei stifta som aksjeselskap. Dette er ei stilling eg framleis har, fortel Roald.

Spede sentertankar

Med betre vegar og meir trafikk utover 70-talet, auka kundestraumen til handelshuset. Anders Haugland hadde sett opp sitt bygg, og familien Vatnøy var ikkje lenger aleine som handelsaktørar i Knarvik.

I 1975 såg ein nye mulegheiter i Alvermarka, der det var godt utbygd med bustader. Fosse Matvare starta opp, men dei mangla butikstyrar. Roald blei



BYRJINGA: Knarvikgården under oppføring, i eit ganske så aude Knarvik.

Foto: Privat

skje noko som gjorde Knarvik Handel til utleigeselskap utan eiga handelsdrift.

– Stein Erik Hagen kom på besøk. Han ville etablere seg med Rimi på Vestlandet. Han kjøpte opp «innmaten» på OK-butikken. Samtidig overtok han ein god del av dei andre OK-butikkane på Vestlandet. Dette blei hans inntog i marknaden her vest, forklarar Roald.

Familiesamarbeid

Broren Øystein hadde då overtatt driftinga av Knarvikgården, og Knarvik Handel dyrka ein rein utleigeprofil.

– Bror min Olav Kåre hadde òg begynt med handel. Me har seinare utvikla mykje i lag, samtidig som han og eg har hatt våre eigne prosjekt. Me har samarbeidd godt, og eg er svært takksam for det me har fått til saman, seier Roald.

Meny-bygget og parkeringshuset, som kom opp i 2008 med Knarvik Handel som éin av aktørane, er førebels det siste bygget Knarvik Handel har vore med på å realisera.

– Eg vil seia at familien vår har vore med på å setja vårt preg på utviklinga i Knarvik, seier Roald beskjedent.

Mange jarn i elden

No skulle ein kanskje tru at handel var det einaste Roald Vatnøy har fått tid til å driva med. Då må ein tru kraftig om igjen: Han er æresmedlem i NBK, der han er tidenes lengstsitjande styreformann – i tillegg til at han var trenar i 12 år.

Han har vore aktiv kretsdommar, og spelte seniorfotball for ei rekkje lokale klubbar. Han har vore formann i Seim Idrettslag og oppmann i Eikanger Idrettslag.

Frå starten til midten av 90-talet var han og involvert i lakseoppdrett i Gulen, med konsesjon som blei selt til Olav Braanaas til «god pris».

Framleis er han aktiv i Seim Songkor, der han òg har vore medlem i 30 år og site mange år i styret.

Hesteinteressa har han fått utløp for i Nordhordland Tråvlag.

– Eg har alltid vore interessert i dyr,

og har alltid eigd hest – anten aleine eller saman med andre. No har eg ein 3-års kaldblodshest, seier Roald.

Gir tilbake

Roald Vatnøy dreg seg no mot 69 år, og har planar om å trappa ned handelsengasjementet ein smule. Likevel er han opptatt av utviklinga i Knarvik – både innanfor handel og elles.

Knarvik Handel har opp gjennom åra spona idretts- og kulturlivet med store summer. Dei har gitt 250.000 kroner til Knarvik kyrkje.

– Ein kan ikkje berre driva handel, ein må òg vera ein kulturbærar, seier Roald.

Knarvik Handel AS har saman med dei andre selskapa i familien opp gjennom åra spona idretts- og kulturlivet med store summer. Dei har mellom anna gitt betydelege bidrag til Knarvik kyrkje, og større kulturtilstelningar som Håkonarspelet og «Which Witch».

Bra samarbeid

Til liks med dei fleste handelsdrivande i Knarvik har han vore litt skuffa over at næringslivet ikkje blei tatt meir inn i planlegginga og utmeislinga av Knarvik-planen. Likevel synest han, når alt kjem til alt, at Knarvik Handel har hatt eit godt samarbeid med kommunen.

– Me har halde på i meir enn 50 år. Då har det sjølv sagt vore nokre tak, men eg vil karakterisera samarbeidet som godt, seier Roald.

Han vil gjerne nytta høvet til å senda ei helsing til alle samarbeidspartnar, tilsette og kundar som han har hatt glede av å møte i alle sine år som dagleg leiar i Knarvik Handel.

Ein spesiell takk går til familien, som har støtta han heile vegen.

– Det skal bli spennande å følgja utviklinga i Knarvik vidare, seier Roald.

tilsett som mellombels dagleg leiar fram til dei fekk ein fast drivar av butikken, ein jobb han hadde ved sida av leiarstillinga i Knarvik Handel.

Samtidig hadde det vakse fram 100 leilegheiter ovanfor dagens ferjekai, i dei såkalla Namtvedt-husa. Saman med spreidd busetnad i området elles gav dette betre kundegrnlag.

– På midten av 70-talet begynte ein å snakka om Knarvik Senter. Senteret opna i 1978. Då hadde me allereie sett opp fem Moelven-brakker og laga eigen gåvebutikk på tomta ved Knarvikgården. Før dette hadde me starta med ei lita gåveavdeling i matbutikken, fortel Roald.

I 1978 vart Gåvehuset AS stifta, og ein kunna opna butikk i eige bygg i 1979

Rimi-Hagen på besøk

I 1978 opna Knarvik Senter på oppsida av veien. Dei første på plass var Matbutikken Maurtua i regi av Arne Mellum, malarbutikk i regi av Villanger-familien og Haaland Sko i regi av Haaland-familien.



STOR STAS: I 1981 kunne Vatnøy-familien opna eige bygg i Knarvik Senter. Faksimile

– Me fekk òg tomt, med ein klausul om at me måtte venta tre år med å opna noko nytt på grunn av konkurransesituasjonen.

I 1981 var Knarvik Handel òg på plass i senteret, med eige bygg der ein mellom anna gjorde eit scoop og fekk inn Kløver Sundt og Bergen Bank.

– Me opna òg OK Mat, der me på det meste hadde om lag 30 tilsette, fortel Roald.

Etter å ha vore involvert i ny matbutikkdrift på Alverflaten, skulle det i 1988